

## FUSA I FARTEN 2012

Fusa i farten 2012 hadde eit anna innhald enn Fusa i farten 2011. I år var det i større grad einingane som vart utfordra. I tillegg utfordra me kvar enkelt til å setja personlege mål for perioden. Håpar alle nærma seg måla sine?

Einingane la til rette for mykje flott og variert aktivitet. Det var aktivitetsdag på Bygdastølen, natursti og polonese, zumba, kanonball, trivselsaktivitetar, kulturvandring, tur til Vetlevarhaugen og strandvolleyballturnering. I tillegg freista fleire med sunne måltid av ulike slag. Av ulike grunnar var det varierende oppmøte på fellesarrangementa. Burde det vore andre tidspunkt? Ei anna organisering? Gi oss gjerne tilbakemelding på årets utgåve av Fusa i farten. Me håpar likevel at Fusa i farten 2012 førte til auka aktivitet og trivsel blant dei tilsette i denne perioden.

Kvar eining vil få ein premie også i år. Dette vil vera ein DVD med "Ingen grenser," signert av Fredrik Thorsen. Kva de vil gjera med DVD`en må vera opp til kvar eining. Kanskje den kan loddast ut i personalet? Dei største einingane får fleire eksemplar. Premien vert sendt når den er ferdig produsert.

PS! Fusa i farten fest 2012 er under planlegging.

**Takk til alle for god innsats i Fusa i farten 2012!**

Eikelandsosen, 19.06.12.

**Med ønskje om ein god sommar**

Ellen Strøm Synnevåg  
-folkehelsekoordinator-

Håvard Ragnhildstveit  
-prosjektleder-

